

Statusrapportering for Sluttutbetaling

Mål for prosjektet.

Målretta arbeid med by- tettstadsutvikling med fokus på reiseliv og Ryfast som viktige drivarar for kommunane Hjelmeland, Strand og Forsand.

I prosjektskildringa definerte me og at prosjektmidla skulle bidra til å støtta og utvikla etablerte prosessar.

Det betyr at prosjektleiinga har vært aktiv og drivande på nokre områder og støttande ressursbank på andre.

Hva som er gjennomført av større arbeid.

Auka kompetanse

Prosjektet har gitt eit betydeleg kunnskapsløft i høve til å forstå viktige samanhenger for å utvikla regionens tettstader i ein ønska (og planlagt) retning.

Innvolvering og forankring

Det er gjennomført ei rekke konferansar og arbeidsverkstader der ein har nytta ressursar frå Distriktsenteret, UiA og ein rekke arkitektkontor samt LÈVA Urban design.

Aktivering

Kommunane og næringslivet er aktivert, både med deltaking/eigeninnsats og med prosjektmidler. Ut over dei 3 kommunane i prosjektet er og Sauda og Suldal aktivert og nyttar den ressurspoolen som er kjent frå prosjektet.

Av større arbeid kan nemnast:

Innvolvering og mobiliseringprosess LÈVA NOK 838.058

Parallell arkitekttenestar frå:

MAD arkitektar NOK 278.000

KAP arkitektar NOK 262.416

Sivilarkitekt Kristin Gustavsens NOK 16.500

LINK Arkitektur NOK 310.000

Utvikling- og aktivisering av Jørpeland Handelsforening NOK 418.000

Reiselivet ved Lysefjorden Utvikling studietur og vertskapskurs NOK 200.000

Det visast ellers til rapportering og dokumentasjon undervegs i prosjektet.

Vi har ein god del materiale som kan delast men filene er for store til å leggja inn i rapporten direkte.

Gjennomførte tiltak og forventede resultater ved prosjektslutt. Beskriv også hvordan resultatene måles.

Det har vore eit mål at prosjektet ikkje skal vera ein skrivebordsøvelse som produserar rapportar som hamnar i ei skuff.

Prosjektet kan skildrast som ein langsiktig innvolveringsprosess kombinert med lokale arbeidsverkstader og mindre studier som inngår i arbeidet med kommuneplan. Både samfunnsdel og areal.

Dette har resultert i eit levande materiale som er utfordra og diskutert og som er med og dannar grunnlag for kommuneplan i den einskilde kommune.

Arbeidet med auka kompetanse og kunnskapsoverføring vil fortsette med at Sauda kommune og Hjelmeland kommune deltek som pilotar i Rogaland Fylkeskommune sitt pilotprosjekt "Attraktive Tettstadar i Rogaland"

Tema vil og bli dekkja på Ryfylketinget den 25 og 26 oktober 2018 der me blant anna vil oppfordra kommunane til å nytta Telemarksforskning sin attraktivitetsmodell som "ståstedsanalyse" i den einskilde kommune og for regionen samla.

Det er altså slik at arbeidet fortsetter med full styrke frå vår side sjølv om den definerte prosjektperioden er over og prosjektmidla er disponert i tråd med prosjektplan.

Antatte effekter på regionens vekst og vekstevne på lengre sikt, for eksempel på befolkning, sysselsetting/arbeidsplasser, verdiskaping fram mot 2023.

Prosjektet vil truleg ikkje ha nokon direkte målbar effekt på regioenens vekst og vekstemne på lengre sikt. Men auka kunnskap og samhandling aukar ofte kvaliteten (og krafta) på tiltak.

En vurdering av nytten av å delta i Byregionprogrammet

STOR nytteverdi

VERDIFULLT nettverk

KOMPETANSE bank

Nyttig ERFARINGSUTVEKSLING

Hadde ikkje klart å starta desse prosessane uten prosjektmidler frå KMD